

Kompetansesenter for kystøkologi på Runde

Kampen om fjordane og havet hardnar til. Økosystema er i fare, mellom anna på grunn av klimaendringar, overfiske og forsøpling. I tillegg til fisken, fuglen og resten av det rike livet i og ved havet, er det mange som no vil bruke areala under vatn. Fiskeri, skipstrafikk, havbruk, havvind, bølgekraft, oljeboring, gruvedrift, CO2-lagring, skipstrafikk, forsvaret...

Havet gir oss evigvarande ressursar som mat, medisin, luft å puste i og fornybar energi.

Mange, også i kommunane i Møre og Romsdal, er uroa over kva som skjer med livet i fjordane. Vi kjenner alle dei negative sidene ved oppdrettsanlegga, og lokalbefolkninga manglar verkemiddel i møte med sterke lobbyinteresser. Villaksen er truga.

Både Havavtalen og Naturavtalen krev at 30 % av havområda skal vernast. Dette krev kunnskap, og det krev eit heilskapleg lovverk for forvaltning av kyst- og havområda. Kunnskapsbaserte marine grunnkart og arealplanar må på plass, for å sikre at ikkje nye aktivitetar «kjem inn bakdøra».

Naturmeldinga, som skal syte for oppfølging av Naturavtalen som Noreg har signert, er nyleg behandla i Stortinget. Den legg mykje av ansvaret for forvaltning av dei kystnære havområda på kommunar og fylke. Det skal opprettast oppgåveavlastande team i fylka, som skal støtte kommunane i arbeidet med areal- og naturforvaltning.

Regjeringa har også (omsider) lagt fram ein Nasjonal handlingsplan for å betre situasjonen for sjøfuglbestandane. Dei negative påverknadane skal reduserast, noko som krev eit godt og målretta samarbeid mellom styresmakter, næringsliv og lokalsamfunn. Ikkje minst treng vi meir kunnskap om korleis ulike aktivitetar påverkar sjøfuglane.

Her i fylket har vi allereie eit kompetansemiljø på Runde, rett ved Noregs sørlegaste fuglefjell, som driv med forskning og formidling på livet på kysten og i havet, og samanhengen mellom fugl og fisk. Dette miljøet må vidareutviklast til eit senter for kystøkologi.

Møre og Romsdal SV vil arbeide for:

- at fylkeskommunen søkjer om å bli pilotfylke for oppgåveavlastande team
- at eit team for fjord- og havområda i fylket vårt vert lokalisert til Runde miljøcenter, som allereie sit med mykje kompetanse på dette området
- at fylkeskommunen er pådrivar for etablering av eit nytt besøkscenter for kystøkologi på Runde
- å styrke kommunane sin rett til å seie nei til oppdrettsanlegg og til å stille strengare miljøkrav til anlegg i eigen kommune

Den kulturelle grunnmuren er viktig for born og unge

Kunst og kultur har ein stor eigenverdi. Eit mangfaldig, inkluderande og variert kulturliv skaper fellesskap og fyller liva våre med mening. I desse urolege og økonomisk krevjande tidene, både i Noreg og i verda elles, så opplever vi at det blir kutta i kulturtilbod enten av ideologi eller for å få budsjett til å gå i balanse. Desse små kutta kan verke ufarlege, men dei har store konsekvensar:

1. Redusert tilgang til kulturtenester og aktivitetar

Kutt i kulturbudsjetta fører ofte til færre tilbod for born og unge, som musikk, teater, dans og andre kulturelle aktivitetar. Fleire studium viser at tilgang til kulturaktivitetar har positiv effekt på borns utvikling, kreativitet, sjølvkjensle og dugleikar. Når tilboda blir redusert, kan det svekkje læring og trivsel for borna. Eit studie frå Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) peikar på at avgrensa tilgang til kulturaktivitetar kan føre til sosial eksklusjon, særskilt for born frå låginntektsfamiliar, som er meir avhengige av rimelege kommunale tilbod.

2. Auka sosiale skilnader

Økonomiske kutt i kulturbudsjetta kan også bidra til auka sosiale skilnader. Når kommunane reduserer finansieringa av gratis eller rimelege kulturtilbod, er det ofte born frå låginntektsfamiliar som vert råka hardest. Ein rapport frå FAFO understrekar at dette kan føre til at borna mister viktige arenaer for sosial interaksjon og fellesskap, noko som kan føre til utanforskap. Dette kan igjen bidra til auka sosiale skilnader, både økonomisk og i helsetilstand, sidan born og unge får færre moglegheiter til å delta i fysiske og sosiale aktivitetar.

3. Negative konsekvensar for psykisk helse

Kulturtilbod for born og unge har vist seg å ha positiv innverknad på psykisk helse. Studiar viser at det å delta i kreative og sosiale aktivitetar kan redusere risikoen for psykiske helseplager som angst og depresjon blant born og unge. Når slike tilbod vert reduserte, kan det føre til auka isolasjon, einsemd og psykiske utfordringar. Ein rapport frå Verdas Helseorganisasjon (WHO), framhevar korleis kunst og kultur kan bidra til betre psykisk helse og auka livskvalitet blant unge.

4. Langsiktige samfunnsøkonomiske kostnader

Sjølv om økonomiske kutt kan gi kortsiktige innsparingar, kan dei på lang sikt føre til auka samfunnskostnader. Samfunnsøkonomisk forskning viser at det å investere i kultur- og fritidstiltak for born og unge er ein måte å førebyggje sosiale problem på, inkludert kriminalitet og helseproblem. Ein rapport frå Storbritannia viser for eksempel at å investere i kulturtilbod for unge kan gi store økonomiske innsparingar ved å redusere behovet for helsetenester og kriminalomsorg seinare i livet.

Dette er hovudtrekk frå forskinga om negative konsekvensar av kutt i kulturtilbod og tiltak for born og unge. Slike kutt har ikkje berre ein direkte effekt på kulturtilboda, men får også langsiktige konsekvensar for samfunnet og for born si utvikling, helse og sosiale tilknytning.



Møre og Romsdal SV meiner at dette stør opp under at SV må lyfte fram kulturen, for dette er god SV-politikk. Det er viktig at vi kjempar for at 1 % av statsbudsjettet bør gå til kultur. Det gir merksemd til eit truga felt.

Nedskjeringar i Helse Møre og Romsdal

Nedskjeringane innan psykisk helse og rus i Møre og Romsdal er ei djupt urovekkjande utvikling som råkar både sårbare pasientar og dedikerte tilsette. Når ressursane vert kutta, er det ikkje berre tal på eit budsjett som endrar seg – det er menneske som mister livsviktige tenester.

For pasientar som allereie står i kø for hjelp, betyr dette lengre ventelister og auka risiko for at tilstanden deira blir forverra. For mange, er tid ein avgjerande faktor i kampen mot psykiske lidningar og rusproblem, og kvart tilbod som forsvinn kan utgjere skilnaden mellom håp og fortvilning.

Dei tilsette, som har vigd arbeidet sitt til å hjelpe dei mest sårbare blant oss, blir no pressa ut av stillingar eller overlatne til eit stadig meir krevjande arbeidsmiljø med færre ressursar. Dette fører ikkje berre til utbrentheit, men til at den faglege kvaliteten i tenestene blir svekka.

Psykisk helse og rusbehandling er allereie eit underfinansiert område, og desse nedskjeringane forsterkar berre ei eksisterande krise. Vi kan ikkje akseptere at dei som treng det mest, skal bli ofra på bekostning av kortsiktige, økonomiske omsyn.

Menneska i Møre og Romsdal fortener eit robust helsetilbod som tek vare på både den psykiske og den fysiske helsa. Det er eit spørsmål om verdigheit, rettfærd og samfunnsansvar. Møre og Romsdal SV krev at styresmaktene reverserer desse kutta, styrkjer tilboda, og prioriterer menneskeliv framføre økonomisk innsparing.

La togbussane leve

Togbussane mellom Kristiansund-Opdøl og Ålesund-Åndalsnes er dei einaste kollektivtilboda som knyter kommunane på Nordmøre og Sunnmøre saman med jernbanenettet. Mellom Søre Sunnmøre og Otta er det i dag ikkje eit tilfredsstillande tilbod. Frå Opdøl, Åndalsnes og Otta, kan ein reise nordover mot Trondheim og sørover gjennom Gudbrandsdalen til Oslo – ein miljøvennleg reisemåte i tråd med ambisjonane om Møre og Romsdal som eit berekraftig fylke.

I tillegg til at fleire og fleire ønskjer å reise kollektivt og la privatbilen stå, er dette tilbodet heilt avgjerande for mange, som til dømes ungdom, studentar, asylsøkjjarer, flyktningar og andre utan tilgang til eigen bil. Bussane har også ei viktig rolle for lokalreisande.

Dei par siste åra har togbussen på Nordmøre levd på nåde. Berre med eit naudskrik har bussruta overlevd budsjettbehandlenga i fylkeskommunen – og med garantert levetid på berre eitt år om gongen. Slik kan vi ikkje ha det. Eit kollektivtilbod som bind saman ein heil region med jernbanenettet må sikrast ei føreseieleg framtid utan at det skal gå på bekostning av andre kollektivtilbod i fylket.

Berre på den måten kan ein også motivere nye reisande til å bruke eit slikt tilbod som er for godt og for miljøvennleg til å leggjast ned.

Møre og Romsdal SV vil oppmøde alle parti i fylket til å vise at dei meiner alvor gjennom å prioritere tilgang til miljøvennleg kollektivtransport for ein heil region.

Beredskapsferje

Det er strid om kven som skal betale beredskapsferja for Geiranger, Norddal og Eidsdal som skal liggje i Eidsdal. Dette råkar dei som bur i bygdene, i tillegg til hyttefolk og turistar. Slik det er no, kvir innbyggjarane seg for å kontakte lege om natta.

Partane er usamde om kven som skal betale, og let innbyggjarane i Eidsdal, Norddal og Geiranger lide for å få ei løysing i saka.

Møre og Romsdal SV krev at ein snarast må finne ei løysing i saka. Det skal vere trygt å bu i heile landet.

Meierinedlegging – resultat av ein villa politikk

I løpet av nokre få år kan 66 distriktsarbeidsplassar i Møre og Romsdal forsvinne. Matberedskaperen i regionen vert svekka når meieria i Ørsta og Tresfjord skal leggjast ned. Dei fantastiske merkevarene Snøfrisk, Kvitlin, Kremgo, Edamer, Ridderost og Port Salut skal ikkje lenger produserast i fylket vårt. Den såkalla utviklinga (eller avviklinga) går sin gang. Er dette ei naturlov, eller er det ein villa politikk der sterke sentraliserande krefter dreg i feil retning?

TINE er eigd av bøndene, som har bygd opp mjølkequalität og dyrevelferd i verdensklasse, og som gjennom mottakspåkt og mottaksordning sikrar at bønder over heile landet får omsetje mjølka si kvar einaste dag heile året. Vedtak om nedlegging er nok ikkje gjort med lett hjarte. Kjedemakt, prispress og mangelfullt tollvern medverkar til at Tine står i ein skvis.

Sidan 2019 er meieria i Hardanger, Voss, Sem, Sola og Kristiansand lagt ned. No står Ørsta og Tresfjord for tur, og tre andre anlegg er under vurdering. Denne uheldige utviklinga er ei følge av ein landbrukspolitik som i mange år har ført til bruksnedlegging, sentralisering og effektivisering. Det svekkjer både sjølvforsyninga og beredskaperen vår. Meir transport er heller ikkje bra i eit miljøperspektiv.

Bøndene har i mange år kravt ærlege tal som grunnlag for landbruksoppgjera. Rett før SP gjekk ut av regjeringa, vart det semje mellom dei, Ap, V, KrF og Pasientfokus om korleis inntekta til bøndene skal reknast ut. I staden for eit solid raudgrønt fleirtal som kunne sikra bøndene auka inntekter, ro og framtidstru, valde dei dåverande regjeringspartia på nytt å gå andre vegen.

Møre og Romsdal SV vil kjempe mot denne utviklinga. Vi vil mobilisere for ein betre landbrukspolitik som gjer at jorda vert teken i bruk og inntektene til bøndene auka. Kjedene må få mindre makt, og meieria i Ørsta og Tresfjord må leve vidare. Det er avgjerande for å sikre norsk matproduksjon for framtida. I ei uroleg verd er mattryggleik ein viktig del av beredskaperen.

Bøndene må ha rammer som gir avkastning på eigenkapitalen på lik linje med anna verksemd, slik at dei kan reinvestere og bygge opp bruka. Samvirkebasert marknadsregulering må halde fram. Det trengst eit krafttak for å styrke produksjonen i heile landet, og konkurransepolitiske tilskot må vere innretta for å nå dette målet. Slik sikrar vi framtida til kanskje verdas finaste mjølk.